

**Fra:** Øvrebø, Terje <terje.ovrebo@statsforvalteren.no>  
**Sendt:** torsdag 29. juni 2023 09:42  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Alver, gnr. 38 bnr. 9 - konsesjonsvilkår

### **Alver, gnr. 38 bnr. 9 – spørsmål vedk. konsesjonsvilkår**

Vi er blitt kontakta av Atle Kleiven, som opplyser at då Jostein Klanderud overtok gnr. 38 bnr. 9 i 2003, vart han pålagt fem års buplikt som konsesjonsvilkår. Ifølgje Kleiven, som bur på nabobruket, har Klanderud ikkje budd på eigedomen, og konsesjonsvilkåret er difor, etter hans meining, ikkje oppfylt. Kleiven hevdar også at plikter som bnr. 9 vart pålagt i ei jordskiftesak frå 2005, heller ikkje er etterkomne. Det skal vere tale om vegspørsmål.

Eventuelle brot på konsesjonsvilkår er forhold som i første omgang må følgjast opp av kommunen, sjå konsesjonslova § 17. Vi har likevel gjort oppslag i Folkeregisteret, og etter det vi kan sjå har Klanderud vore registrert som busett på gnr. 38 bnr. 9, med noverande adresse Mykingvegen 1281, frå 2007 til 2014, og frå april 2017 til dags dato.

Vi vil med dette vidaresende meldinga vi har motteke, og torer be kommunen vurdere om det er grunnlag for ei eventuell oppfølging.

Av di vi ikkje kjenner e-postadressene til Atle Kleiven og Jostein Klanderud, vert ein papirkopi av denne meldinga sendt til dei pr. vanleg post.

Med helsing  
**Terje Øvrebø**  
seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**